



Hogne Wesenberg Mohn  
Nordnesveien 43  
5005 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/2671 - 17/31542

Saksbehandlar:

Ingrid Bjørge Pedersen

Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:

03.11.2017

## Dispensasjon og løyve til etablering av vatn- og avlaupsleidning - gbnr 108/37 Lindås

### Administrativt vedtak. Saknr:

**Tiltakshavar:** Hogne W Mohn

**Ansvarleg søkjar:** Stendal Vvs AS

**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

### Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av vass- og avlaupsleidning samt pumpestasjon. Leidning skal først inn på offentlig vass- og avlaupsleidning i område.

Søknaden omfattar grunn- og terrengarbeid, leidningsnett og støttemurar. Andre tiltak som kan vere vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av dette vedtaket.

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå føresegn 1.1 i arealdelen i kommuneplanen vedkomande krav til utarbeiding av reguleringsplan. Vidare omfattar søknad om dispensasjon byggjegrænse mot og veg, planføremålet og byggjeforbod i strandsona.

Det vert elles vist til søknad motteken 28.08.17.

### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden sin arealdel er definert som bustadområde .

Tillatt grad av utnytting etter gjeldande plan er 20 % BYA.

### Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå planføremålet i kommunedelplanens og krav til utarbeiding av reguleringsplan. Vidare krevs det dispensasjon i frå byggjeforbod i strandsona og byggjegrænse mot offentlig veg.

Det er søkt dispensasjon med slik grunngeving:

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



Søker dispensasjon fra krav om utarbeiding av reguleringsplan for å få gravd ned pumpeledning/avløp og vannledning for å komme til kommunale ledningen på oppsiden av fylkesvegen .

Dei skal ha felles ledning langs fylkesvei og krysse fylkesveien , men privat på begge eiendommene.

Sjå situasjonskart kart

De vert ikke noe større endringer på eiendommen da alt vert gravd ned og ikke synlig etterpå.

Kan ikke sjå at de er noe ulemper med dette arbeidet, kan bare sjå fordeler for naturen da dette sikra mot forurensing av utslipp og ikkje vert synlig i terrenget.

Søker om dispensasjon til å grave lags fylkesveien og krysse den for å legge ned pumpeledning og vannledning for får å kunne koble til kommunalt vann og avløp til gnr 108 bnr 37 .

Sjå vedlagt kart.

Har fått gravetillatelse fra Statens Vegvesen som også legges ved her.

Etter dagens stander på hytter er de nesten utenkelig med hytte i dag uten vann og avløp så derfor vert de søk om dette da de ligger på oversiden av Fylkesveien i dette område.

Søker dispensasjon da litt av dette anlegger kommer innenfor denne grensa ,for å koble til vann og avløp til kommunalt anlegg

Sjå kart.

Dette vert gravd ned så de vert mindre inngrep på terrenget akkurat på nedsida av hytta, og kan ikke sjå at dette medfører noe konsekvens for byggegrensa langs sjøen.

Dette er et tiltak for å få hytta opp til dagens stander når de gjelder vann og avløp.

Fordelen med dette er at de ikke da er noen fare for forurensing da alt spillvann/gråvann vert pumpa opp på kommunal ledning og går til renseanlegget til kommunen.

### **Uttale frå anna styresmakt**

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Kommunen legg til grunn at søknad om dispensasjon på grunn av tiltaket sin art og plassering ikkje skal sendast på høyring til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fylkesmannen sitt brev av 31.01.2012. Fylkesmannen i Hordaland får vedtaket til klagevurdering.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 28.08.17.

På situasjonsplanen er leidnings trasé syna og plassering av omsøkte pumpestasjon. Vidare er det redegjort for utvendig stoppekran.

Tiltaket medfører graving under offentlig veg. I graveløyve frå Statens Vegvesen er det stilt krav til avstand og terrenghandsaming.

#### Vatn og avløp (VA)

Eigedomen er sikra lovleg vassforsyning og avlaup i samsvar med pbl. §§ 27-1 og 27-2.

Tiltaket skal knytast til offentlig vass- og avlaupsleidning.

Det er søkt om og gjeve løyve til tilknytning til kommunalt vatn og avlaup den 26.10.2017 i sak nr. 17/2624.

#### Tilkomst, avkøyrsløp og parkering

Tiltaket fører ikkje med seg endringar av tilkomst, avkøyrsløp eller parkering.

#### Terrenghandsaming

Situasjonsplanen viser uteoppfallsareal, gangtilkomst, parkering og avkøyrsløp.

#### Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

#### Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

#### VURDERING

##### Dispensasjon

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det vert dispensert frå ikkje verte vesentleg sett tilside. For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjonen kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.

Byggjeforbod i strandsona:

Det er angitt byggjegrense mot sjø for området. Pumpestasjon knytt til omsøkte leidningsnett ligg i konflikt med denne. Det vert stilt krav til at ledning er nedgrave fram til påkoplingspunkt, men pumpestasjon vil vere delvis synleg.

Pumpestasjon er plassert på lågaste punkt og slik at det er lett tilgjengelig for vedlikehald. Vidare går det fram av situasjonsplan at pumpa er plassert slik at den kan sikre tilstrekkelig flyt for leidningsnettet.

Søknad gjeld tilkopling til offentleg vass- og avlaupsanlegg. Slik sett unngår ein separate utslepp til sjø og sikrar fritidsbustaden ei god vass- og avlaupshandtering.

Krav til utarbeiding av reguleringsplan i kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden.

Tomta er i dag etablert som ei fritidseigedom. Tiltaket gjeld for påkopling til offentleg vatn og avlaupsanlegg som er etablert i området. Vi kan ikkje sjå at det vil vera hensiktsmessig å krevje reguleringsplan for det omsøkte tiltaket i denne saka.

Byggjegrense mot offentleg veg:

Det ligg føre graveløyve i frå Statens vegvesen for graving langs eller under offentleg veg. I vedtak er det vurdert kva ein må teke stode til terrenghandsaming, drenering og tilbakeføring av veg.

Omsøkte tiltak vil ikkje endre siktforholda i området. Vidare syner vi til at det er stilt krav til reasfaltering med hensyn til komprimering, selvfall og grøfting. Veggen skal tilbakeførast slik at overvatn førast vekk i frå vegbane og til selvfallsgrøft.

Administrasjonen syner til den konkrete vurderinga i denne saka og finn at det kan gjevast dispensasjon i frå plan- og bygningslova § 1-8 jf. Byggjeforbod i strandsona, føresegn 1.1 vedkomande krav til utarbeiding av reguleringsplan, § 11-6 vedkomande planføremål i kommuneplanens arealdel og byggjeforbod mot offentleg veg jf. Føresegn 1.4 i kommunedelplanen. Dispensasjon er gjeve for legging av røyr fram til påkoplingspunkt til offentleg nett og etablering av pumpestasjon knytt til leidningsnettet på gbnr 108/37.

Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

Tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

VEDTAK:

**Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå byggegrense mot sjø og punkt 1.1 i kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden for legging av røyr i grunn og etablering av pumpestasjon knytt til omsøkte leidningar.**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for legging av røyr i grunn og etablering av pumpestasjon knytt til omsøkte leidningar. på følgjande vilkår:**

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 28.08.17 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
- 2. Tiltaket skal knytast til kommunalt vassverk og kloakkanlegg i samsvar med løyve til påkopling datert 26.10.17, og utførast i samsvar med godkjent situasjonsplan.**

**Før det vert gjeve bruksløyve/ferdigattest må det ligga føre:**

**3. Godkjent ferdigmelding på tilkobling til offentlig VA anlegg**

**4. Faktisk plassering av tiltaket må være målt inn, og koordinatar sendt kommunen.**

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 17/2671**

**Ansvar**

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

**Bortfall av løyve**

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

**Avfall**

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

**Mellombels bruksløyve/Ferdigattest**

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Hogne Wesenberg Mohn  
Stendal Vvs AS

Nordnesveien 43 5005  
Blombakken 1 5911

BERGEN  
ALVERSUND